



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
[Org.nr.: 97699765](mailto:kyrkjekontoret@aukra.kommune.no)

## Møteprotokoll

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 30. januar 2020  
**Møtetid:** 1840-2100  
**Møtestad:** Møterom, Kyrkjelydshuset

**Desse møte:**

Arne Hjelmås, Sissel Kvist, Svein Løwe (leiar), Eva Beate Nybø (nestleiar), Odd Arve Orten, Anne Beate Storbakk Skeide, Anne Berit Oterhals Skrede og Hanne Katrine Småge. (8)

**Permisjon frå kl 20:** Arne Hjelmås

**Forfall:** Kristian Finn Risung

**Ikkje møte:** Berit Marie Sporsheim

**Opningsord:** Svein Løwe

### SAKLISTE

#### SR/FR-sak

01/20

#### **GODKJENNING AV:**

- A. **Innkalling** – nokre små rettinger elles godkjend.
- B. **Referat frå møtet 5. desember 2019** – merknad: sak 42/19 punkt 1 – takkoffer Kr. Himmelfartsdag på Orten gjekk til Kyrkjebladet. Tidlegare har takkofferet gått til Orten. Soknerådet tar merknaden til etterretning.

02/20

#### **FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 1. HALVÅR 2020**

##### **Sakshandsaming i AU**

Framlegg for møteplan for 1. halvår 2020 for AU og SFR har vore lage til.

##### **Vedtak frå AU**

Den framlagde møteplanen blir vedteke

##### **Innstilling til SFR:**

Den framlagde møteplanen blir vedteke

#### **VEDTAK:**

Den framlagde møteplanen blir vedteke

03/20

## LEIARAVTALE

### Sakshandsaming i AU:

Elizabeth og Svein har hatt ein gjennomgang av avtalen.

### Innstilling til SFR:

AU går inn for at leiaravtalen blir vedteke.

### VEDTAK:

Leiaravtalen blei godkjend med desse justeringar: det som er utheva med grå vert fjerna frå sida 2 og 3. Det på side 4 blir ståande.

## 04/20 FRAMTIDIG ARRANGEMENT PÅ OMSORGSSENTERET

### Sakshandsaming i AU

Det er ynskjeleg at vi har andakter på omsorgssenteret på regelmessig basis. Vi har fått mange positive tilbakemeldingar frå siste besøk og rundt 50 stk var til stades. Då det er fleire etasjar i omsorgssenter, treng dei fleste bebruarane assistanse for å delta. Dette kan me få til med samarbeid frå ulike organisasjonar samt aktiviteten.

### Vedtak frå AU:

Det vert utsendt invitasjon til Demensforeininga, Pårørandeforeininga og aktiviteten Heidi Stavik til planleggingsmøte av andakter på omsorgssenteret. Vi ynskjer å ha andakter på fredagsformiddagar med hjelp av kantor.

### Innstilling til SFR

AU rapportere til SFR konklusjonen etter planleggingsmøtet med Demensforeininga, Pårørandeforeininga og aktiviteten Heidi Stavik om andakter på omsorgssenteret framover.

### VEDTAK:

Den vedlagde plan for andakter på omsorgssenteret våren 2020 var teke til vitande.

05/20

## GUDSTENESTER JULSUNDET

### Sakshandsaming i AU

Notata av 6. januar frå Sigurd Stige, domprosten og e-post frå Svein Løwe av 13. januar var diskutert

### Vedtak frå AU

SFR rådføre seg med arbeidsgruppa for gudstenester i Julsundet om tidspunkt og innhald i gudstenester i Julsundet.

### Innstilling til SFR:

SFR rådføre seg med arbeidsgruppa for gudstenester i Julsundet om tidspunkt og innhald i gudstenester i Julsundet.

### VEDTAK:

SFR forhalda seg til *arbeidsgruppa for gudstenester i Julsundet* om tidspunkt og innhald i gudstenester i Julsundet. Gruppa var oppretta i sak nr 38/19 punkt 6.

Soknerådet inviterer til møte med gruppa 12. mars kl 19-2030 med forbehold at soknepresten har høve til å delta.

## **06/20 MISJONSBASAR 6. MARS**

### **Sakshandsaming i AU**

Det er planlagt misjonsbasar med misjonstivoli fredag 6. mars kl 18. Det meste er ordna, men det er naudsynt med hjelp med ulike tiltak på dagen det foregår t.d. ordna bord og stolar, sal av årer, sal/servering av mat og andre praktiske oppgåver. Svein skal ordna med besøke på ein konfirmantkveld for å høyre om konfirmantane kan vere med på dette på frivillig basis. I tillegg treng vi hjelp til å skaffa mat som skal seljast.

### **Vedtak frå AU**

Vi må skaffa hjelp til ulike gjeremål til 6. mars samt få tak i mat som vi kan selje.

### **Innstilling til SFR:**

Vi må skaffa hjelp til ulike gjeremål til 6. mars samt få tak i mat som vi kan selje.

### **VEDTAK:**

Vi må skaffa hjelp til ulike gjeremål til 6. mars samt få tak i mat som vi kan selje.

## **07/20 ORTEN – FRAMTIDIG ORDNINGER I SAMBAND MED KOMMUNEREFORMEN 2020**

### **Sakshandsaming i AU**

Etter kommunereformen for 2020 er Orten ein del av Aukra. Då må det utarbeidast ei framtidig ordning som vi kan bruke framover.

### **Vedtak frå AU:**

Saka blir drøfta i neste soknerådsmøte. Orientering v/soknepresten.

### **Innstilling til SFR:**

Saka blir drøfta i neste soknerådsmøte. Orientering v/soknepresten.

### **VEDTAK:**

Saka blir drøfta i neste soknerådsmøte. Orientering v/soknepresten.

## **08/20 REFERATSAKER**

- **Årsmøte for kyrkjebladet er torsdag 5. mars.**
- **Reklame/annonse om innsamling til misjonsbasar 6. mars**
- **Grautsal på Feitetysdag 25. februar** – skrivet frå Svein Løwe om oppsummering av grautsal i fjor var delt ut. Det var svært velukka i fjor.
- **Status vedr. ulike prosjekt :**  
Leiar for soknerådet orienterte om stoda om desse prosjekt:
  - Ringelegg
  - Vedlikehald av alteret
  - Alterringen

- Sakristiet
- Brannsløkkingsanlegg
- Parkering for funksjonshemma med kortere avstand til kyrkja
- Alterduken

\*\*\*\*EKSTRASAK\*\*\*\*

**09/20 BØNEVANDRING – LEVEVEGGEN V/INGHILD LYNGE**

Skrivet var delt ut i møtet til handsaming.

**VEDTAK:**

Soknerådet ser positivt på dette og løyver kr 1 000 til bønevandring onsdag 18. mars. Kyrkjevevja sørger for at kyrkja er disponible kl 1700-2045 og at cd-spelaren er tilgjengeleg.

Aukra 3. februar 2020

Svein Løwe  
Leiar  
(sign)

Elizabeth Stewart Søvik  
Kyrkjevevje/sekretær  
Tlf: 71171540/90838155